

SNERTEN

Infoskriv frå Norsk Langeleikforum

Nr. 6
Juli 2012
Årgang 3

NLF gratulerer vinnarane av
langeleikklassane på
landskappleiken 2012!



Resultatliste for langeleik junior

1. Solveig Vatn Weisser, Valdreskvelven
2. Helga Springgard, Ål
3. Kristin Lie, Øystre Slidre



Resultatliste for langeleik senior

- 1.Knut Aastad Bråten, Vårflaumen
- 2.Anders Røine, Bøheringen
- 2.Marit Steinsrud, Gjøvik
- 4.Lise L. Brennhagen, Vårflaumen
- 5.Turid Berge Endrerud, Gjøvik
- 6.Stein Villa, Gjøvik

- Årsmøtet med arbeidsplan
- Minneord Petter Hasvoldseter
- "Med Røter i Fortida er du rusta for Framtida"
- Aktivitetar vidare framover
- Smånytt og låttestev



Leiaren har ordet:

Gode langeleikvener!

Sommar og kappleik høyrer saman!

I alle fall fekk vi ein smak av sommaren vi som var på Otta på Landskappleik i helga. Og publikum i klassen for langeleik fekk oppleva ein svært variert konsert under tevlinga, med stødig tradisjonsspel, skeive skalaer, sang til langeleikspelet, mollstemte tonar og nye? slagmønster på langeleiken! Ikkje lett å vera dommararar, men det er flott å få synt fram det store spekeret som langeleiken har. Og kanskje kan dette vera til inspirasjon og rekruttering, og til å vera med på kappleikane. Neste år håpar eg at FolkOrg har revidert kappleiføresegnene sine slik at vi får att klassen for lagspel langeleik, den er viktig for mange i langeleikmiljøet som ikkje har lyst til å spele som soloutøvar!

I tida framover er det mange hendingar til inspirasjon og glede:

Kurs på Jørn Hilme for nybyrjarar og samling med fokus på låttar etter Berit på Pynte, seminar på Valdres folkemuseum om møte mellom folketonesamlaren L.M.Lindemann og Berit på Pynte, og Munnharpe- og langeleikfestival i Bø der tradisjonen frå Telemark er i fokus.

Norsk langeleikforum syslar og med planer om ei helgesamling med instrumentbygging og speling seinhaustes. Heimesida vår blir oppdatert , så hald deg orientert og bli med! Elles er det mykje spanande å finne på internett av bilder og anna stoff om langeleiken.

Og har du innspel til forumet, så send oss gjerne ein e-post, vi vil gjerne ha ein dialog med medlemene våre!

God sommar!

Helsing styret v/Marit Steinsrud

Årsmøtet 2012

Årsmøtet til NLF vart avvikla på Gjøvik den 28. januar 2012. Det møtte fram 12 medlemmer på møtet. Det nye styret vart sett saman slik:

Leiar:	Marit Steinsrud	leiareren er vald for 1 år
Kasserar:	Turid Berge	vald for 2 år
Skrivar:	Gunvor Hegge	sit over frå førre val 1 år til
Styremedlem:	Sigurd Braathen	vald for 2 år
Styremedlem:	Lise Lunde Brennhagen	sit over frå førre val 1 år til
Varamedlem:	Kari Steinsrud	vald for 1 år
Varamedlem:	Elisabeth Kværne	vald for 1 år
Varamedlem:	Kari Lønnestad	vald for 1 år
Revisor:	Håkon Berge	styret får i oppdrag å utnemne revisor
Valkomit�:	Svein Arne M�ehlum	sit i 1 �r til
	Kenneth Lien	sit i 2 �r til
	Gyda Gr�ndalen Hoffmann	vald for 3 �r



*Styret: Fr 
venstre: Marit
Steinsrud,
Lise Lunde
Brennhagen,
Sigurd
Braathen,
Gunvor Hegge
og Turid
Berge
Endrerud*

 rsmeldinga for 2011 viser at NLF er godt i gang med arbeidet med   byggje ein ny organisasjon. Vi har jamlege styrem te, og ved  rsm tet var det 37 betalande medlemmer. Av aktivitetar i meldings ret kan nemnast Munnharpe- og langeleik-festivalen som vart avvikla i  l. Referat fr  denne stod i f rre nummer av Snerten.

Det har vore to samlingar med l ttebyte , og forumet var sentralt med i arbeidet med CD-utgjevinga med langeleikl ttar med Olav Snortheim som kom i fjor sumar.

Medlemsbladet "Snerten" kom ut med tre nummer i fjor. Vi har ei heimeside under utarbeiding, og vi har ei facebook-side.

Utfordringa v r er   f  ut informasjon til dei som m tte vera interesserte i arbeidet v rt, og dernest f  fleire medlemmer. Vi oppfordrar difor alle om   vera med   spreie informasjon og oppmode interesserte om   melde seg inn i forumet. Fleire medlemmer gjer oss sterkare.

Arbeidsplan 2012-2015	Arbeidsprogram 2012	Ansvar	Tek til
Drifte Norsk langeleikforum	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Drifte forumet i samsvar med vedtektene ▪ Utarbeide budsjett: S�ke pengar og syte for god budsjettstyring ▪ Ajourf�re medlemsregister – kasseraren sitt ansvar ▪ Aktiv medlemsverving 	Styret	Kontinuerlig
Drive informasjonsarbeid	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Utarbeide foldar ▪ Utarbeide logo ▪ Lage medlemsskriv to gonger i �ret, eitt om hausten og eitt om v�ren ▪ Vidareutvikle internettsider ▪ Oppdatere facebook-sida jamleg 		Kontinuerleg
Drive samlingar/kurs	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Samling i Valdres som markering av Berit p� Pynte 200 �r ▪ Vidareutvikle samarbeidet med andre organisasjonar 		Sommaren 2012
Motivere til vekst	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Norsk langeleikforum skal motivere til deltaking p� kappleikar, konsertar og elles gjere langeleiken synleg i det offentlege rommet 		Kontinuerlig
Utarbeide pedagogisk materiell	<ul style="list-style-type: none"> ▪ NLF arbeider vidare med � utarbeide pedagogisk materiell og s�kjer om midlar til dette 		
Stimulere til bygging av instrument	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Setja av midlar til eit fond som mellom anna kan g� til utdanning, kursing, utgifter i samband med instrumentmaking o.a. 		
Arkiv	<ul style="list-style-type: none"> ▪ I samarbeid med folkemusikkarkiva, bidra med innsamling, dokumentasjon og registrering av skrifteleg og munnleg materiale om langeleiken ▪ Skaffe oversikt over tilgjengelege instrument til utl�n og sal i samarbeid med arkivet ved Valdres Folkemuseum 		Kontinuerlig
Vere h�yringsinstans	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Vere h�yringsinstans i aktuelle folkemusikkpolitiske saker ▪ Delta p� �rsm�te til folkOrg, lokale og regionale folkemusikklag 		Kontinuerleg
Internasjonalt samarbeid	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Norsk langeleikforum skal samarbeide med personar og organisasjonar i andre land 		

Minneord

Petter B. Hasvoldseter (1928 - 2012)

Tradisjonsbæreren, langeleikspilleren, arbeidskaren, humoristen og vår gode venn Petter Hasvoldseter gikk bort lørdag 10.mars 2012 nær 84 år gammel.



Med Petter sin bortgang har Gjøvik spelmanslag og tradisjonsmusikkmiljøet i Norge mista en av sine viktigste kilder og tradisjonsbærere på langeleik.

I 1979 begynte Gjøvik spelmanslag sin innsamling av tradisjonsmusikk i distriktet, og et besøk hjemme hos Petter på garden i Vibergsroa førte til at europeisk musikkhistorie måtte skrives om!

Der hadde Petter en langeleik med årstallet 1524 innskåret i treverket. Langeleiken var stemt og bar alle preg av å være i bruk, og den hadde vært i familien i generasjoner.

Med Petter sine arbeidsnever, store, grove og sterke, var det forunderlig at han kunne få fram slike vare, fine toner i langeleiken. Han hadde sine tradisjoner fra faren og tantene, og var ved siden av Hallvard Rudsengen, den eneste i distriktet som hadde langeleikspillet i levende tradisjon. Men Petter måtte ofte nødes til å spille, han var beskjeden på egne vegne.

Gjennom mange år ble det utallige opptredener med langeleiken, både på kappleiker, konserter og i programmer på radio og TV. Petter Hasvoldseter ble møtt med stor respekt i resten av folkemusikkmiljøet, både på grunn av sin tradisjon, men også på grunn av sin naturlige væremåte og gode replikk. Et sitat fra Terje Vigen: "Til pigene hadde han skæmtsomme ord " beskriver også godt Petter sin humor.

Han var med i langeleikgruppa fra starten og var i alle år med på å inspirere og berike miljøet i spelmanslaget med sin arbeidsinnsats og lune humor. For sin mangeårige innsats ble han derfor utnevnt til æresmedlem i Gjøvik spelmanslag i 1994.

Petter tilførte langeleikmiljøet i Norge noe nytt, både musikalsk og med sin væremåte. Han formidla en kulturarv som for han var en naturlig del av dagliglivet.

Han var også en ivrig danser, masurka var en av favorittene og dansegleden var stor. Det var ofte en ekstra snert i rundsnuen når Petter svingte seg på golvet, enten det var på stuegolvet hjemme med Gudveig eller på kappleik.

Gjøvik spelmannslag vil få takke for at vi fikk kjenne Petter og hans gjestfrie familie.

Takk for gode toner, godt vennskap og alle minner.

Hvil i fred.

Gjøvik spelmannslag

v/ Marit Steinsrud

”Med Røter i Fortida er du rusta for Framtida”

Øystre Slidre kulturskule sitt prosjekt ”Med Røter i Fortida er du rusta for Framtida” har frå Sparebankstiftelsen DNB Nor motteke 120 000,- til innkjøp av 10 langeleikar. Kulturskulen ynskjer å kjøpe gode langeleikar som har vore brukt tidlegare. Viken, Forberg o.a.

Prosjektet jobbar for å styrke folkemusikk og folkelege tradisjonar i Valdres, og har vore i drift i eitt år. Dans, spel, song, handverk er stikkord for prosjektet. Kari O. Hålien er prosjektleiar. Gyda G. Hoffmann har vore med å leie prosjektet saman med mange dyktige tradisjonsbærarar i Valdres. Ta kontakt med oss om du har ein brukbar langeleik du vil selja til kulturskulen.



Unge aktørar i sving i Øystre Slidre saman med Gyda Grøndalen Hoffmann

Aktivitetar framover

Ei musikalsk reise gjennom 100 år - I Heilage Rom

31.august - 2.september legg Gyda Grøndalen Hoffmann, Ole og Knut Aastad Bråten ut på ein konsertturne til Vestlandet. Konserten er tinga av Fortidsminneforeininga og går føre seg i tre stavkyrkjer. Det blir fleirstemt song, langeleik, lyre og kankles, gregoriansk song, religiøse folketonar, balladar, slåttar m.m.

Tonefangst



I samband med 200-årsmarkeringane av Ludvig Mathias Lindeman og Berit på Pynte, båe fødde i 1812, inviterer Valdresmusea til jubileums-seminar på Valdres Folkemuseum 13. og 14. september 2012. Frå ulike faglege ståstader ynskjer Valdresmusea å sjå nærare på møta mellom dei småe og dei store

kulturtradisjonen i Noreg, på midten av 1800-talet. **Impulsar på vandring** og **Berit på Pynte - Norges beste harpespillerske** er to av foredragga under seminaret. For program og meir utfyllande info sjå heimesida vår eller valdresmusea.no

Munnharpe- og langeleikfestival

21. - 23. september blir det arrangert munnharpe- og langeleikfestival i Bø i Telemark. Dette er eit samarbeid mellom Norsk munnharpeforum og Norsk langeleikforum. Her blir det foredrag, kurs og konsertar med munnharpe og langeleik. Gøril Ramo Håve, Kari Lønnestad og Sigurd Braathen skal halde kurs i langeleikspel, medan Anders og Niels Røine vil prate om capobruk på langeleiken.

Svein Westad trakterer begge instrumenta og er årets festivalmusikar. Han vil halde konserten "Fra vest til øst med munnharpe og langeleik" laurdagskvelden, og Anders Røine spelar og fortel om felelåttar overført frå fele til munnharpe og langeleik.

Set av datoen og fylg med på heimesida for meir informasjon om påmelding og overnatting.

Smånytt:

- Mange unge langeleikspelarar får sjansen til å bidra på flotte konsertar under Valdres Sommersymfoni. I år har Borghild Dalbø, Anne og Astrid Hamre delteke med fine innslag i Øystre og Vestre Slidre.
- NLF saman med Gjøvik spelemannslag har sendt brev til folgOrg med sterk oppfordring til å ta opp att tevlingsreglementet til ny vurdering for å få inn att lagspel i langeleik

Dagens låttestev:

O inkji æ e nokon raklekjølke,

o inkji æ e so langt i frå,

inkji æ e nokon fylletave,

o inkji æ e so langt i frå

men e vera med dei heno følke,

o e lyt gå ner dei andre gå.

Sudiuddim da...

Ein raklekjølke er ein som går frå eitt til
hitt og ikkje blir ferdig med noko.

Låttestev til springaren "Raklekjølkin".

Etter fleire, nedskrive i boka Anna,
tradisjonssong frå Valdres

Heimeside er under utarbeiding:

www.langeleikforum.no

Kontakt oss gjerne!

langeleikforum@gmail.com

Styret i Norsk Langeleikforum 2012

Leiar:

Marit Steinsrud
Odnnesvegen 561
2822 BYBRUA
Tlf 41 20 29 84

Kasserar:

Turid Berge Endrerud
Granstien 40
2817 GJØVIK
Tlf 934 52 808

Sekretær:

Gunvor Hegge
Bygdinvegen 2722
2950 SKAMMESTEIN
Tlf 907 40 702

Styremedlem

Sigurd Braathen
Oskars gate 64 E,
1706 Sarpsborg
Tlf 951 72 708

Styremedlem

Lise Lunde Brennhagen
Tingnesveien
2900 FAGERNES
Tlf 920 99 521